

# Byggjer Noregs største

**Kampen mot lakselusa vert stadig intensivert. For Brødrene Bakke gjev det seg utslag i nytt skip og Noregs største behandlingsanlegg mot den hata parasitten.**

Det er full aktivitet på skipet som er fortøydd mellom Navøy og Spissøy. Det særmerkte skipet vart henta frå Nederland i vår, og kosta reiarlaget 35 millionar kroner. Utstyret som vert montert på dekk og skal stå for den mekaniske handsaminga av laksen, kostar òg sitt, men denne investeringa står tre oppdrettsselskap i Hardanger bak. Det er òg dei tre oppdrettarane i fjorden som er hovudchartrar av skipet, men når nybåten ikkje er i aktivitet for Lingalaks, Tomregruppen eller Eide fjordbruk, står han fritt for spotmarknaden.

– Me har tilsett fleire i systemet vårt, og har flytta kadettar frå dei andre båtane våre over på denne som styrmenn. Me likar å ta vare på kompetansen i selskapet vårt, seier dagleg leiar Arne Bakke og konkretiserer at kunnskapen om å handsama levande fisk og krav til hygiene er særleg viktig for dei.

## God handsaming

Familieselskapet Brødrene Bakke er medvitne på at større



Arne Bakke om bord i nybåten til Brødrene Bakke, som er ei fellesinvestering med tre oppdrettarar i Hardanger.

kapasitet òg gjev mindre belastning for laksen.

– Med det nye skipet er målet at me berre skal nyitta to timer til å handsama all laksen i ein stor merv. Tidlegare nyitta me mellom åtte og tolv timer, seier Bakke. Han poengterer at tida laksen står trengd i merv er den

fremste stressfaktoren, og ikkje det halve minuttet den vert handsama i varmt vatn om bord i skipet. Komponentane til varmeklimatehjelpeapparatene har dei kjøpt og sett saman slik at operasjonen vert optimal, slik dei sjølve ser det.

– Dessutan merkar me at ar-

beidet me gjer er viktig og rett for laksen.

Arne fortel at dei har jobba systematisk med å gjera arbeidet på skipet heime i Austevoll, trass i at det vert tront i sundet innanfor den gamle handelsstaden på Navøy.

– Dei stod med opne armar på

Sotra, men me er austevollingar og vil nyitta oss av dei lokale teknologiene, mellom anna på elektro, avsluttar Bakke.

Skipet er operativt allereie i starten av september.

**M** Trond Hagenes  
trond.hagenes@marsteinen.no

## Etterlyser vitne til vald

Natt til sundag vart ein ung mann utsett for eit valdeleg åtak ved bussshaldeplassen utanfor kyrkja på Storebø. Ein gjeng på mellom tre og seks unge menn gjekk til åtak på mannen, som hadde vore på Leanaustet med vennar, og påførte han både slag og spark.

– Eg vil karakterisera dette som blind, uprovosert vald, konstaterer politiførstebetjent Vidar Mjåvedt hos lensmannskontoret i Austevoll.

– Me ynskjer å komma i kontakt med fleire vitne til hendinga, seier politimannen som fekk inn melding om valden klokka 03:06 natt til sundag. Mjåvedt legg til at det er sjeldan at ein registrerer slike hendingar i øykommunen, og politiet ynskjer å slå ned på valdsbruken.

Den unge mannen som vart angripen, fekk øydelagt brillene sine og påført skadar i andletet og nasen, i tillegg til skrubbsårer.

## Oselvar-siger til damene

Det var rikeleg med augevitne som til den historiske hendinga, då kvinner og menn på heilt like vilkår tevla i å ro oselvar.

– Ein kamp mellom teknikk og kraft, kalla Dag Lindebjerg det.

Damelaget frå Selbjørn og herrelaget frå same øy, som begge hadde vunne i sine klassar i tevlinga under Kystsogeveken, kjempa mot einannan førre fredag. Teknikken, betre kjend som kvinnelaget, kom fyrst i mål og vann heile greiene.



## Han lever, og vil inn att på tinget

**– Mange trur eg er daud. Difor er det viktig å stå på stand og visa at det slettets ikkje stemmer, seier Steinar Bastesen (72) og ler.**

Kystparti-politikaren har vore på Stortinget i to periodar tidlegare, og har som mål å komma inn att i haust. Saman med andre kandidat frå Hordaland, Kurt Ivar Pedersen, hadde han stand på Austevoll vidaregåande skule tidlegare denne veka. Dei seier at å satsa på ungdom og norske arbeidsplassar, er blant dei viktigaste sakene til partiet.

– Om ikkje vaksne som har levd litt evner å leggja til rette for ungdom, kva har me att då? spør Pedersen.

– Noreg treng praktikarar. Utdanning må vera meir yrkesretta, og lagt til rette for at ungdommen får jobb. Me vil at studentar skal få meir stipend og mindre lån, seier dei.

Naturressursane er grunnlag for all verdiskapning, og Peder-



På naustet sitt har tilsett ved Austevoll vgs, Olav Njåstad, eit ratt frå ein båt som Steinar Bastesen ein gong eigde. Fotobeweis har han òg, og mimringa er i gang.

sen meiner difor – i strid med partiprogrammet deira – at olja i nord kan takast opp.

– Personleg meiner eg me skal vera nyansert i bruken av naturressursane våre. Om ikkje me

tek opp olja, vil andre land gjera det, seier han.

**M** May Linn Clement  
may.linn.clement@marsteinen.no